

DARTRIDE AS  
Nedre Skøyen vei 11  
0276 OSLO

Dato: 06.04.2017  
Vår ref.: 2017/1929-6  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

Att. Roger D Pettersen

## Søknad om 100 drosjeløyve i Hordaland løyvedistrikt – melding om vedtak

Ein viser til tidlegare kontakt i saka, seinast førebels svar av 14.03.2017 samt Dykkar e-post same dag.

Samferdselsdepartementet uttaler i brev av 15.03.2017 fylgjande:

*«Departementet tar foreløpig avgjørelsene fra ESA til etterretning. Departementet vil bruke tid på å gå gjennom premissene for avgjørelsen og se på hvilket handlingsrom vi har, før vi tar standpunkt til videre oppfølging i saken. Hvis konklusjonen blir at det er nødvendig med endringer i regelverket, vil vi følge normale prosesser for dette, herunder sende ut forslag på alminnelig høring. Departementet vil understreke at norsk lov, forskrift og forvaltningspraksis på området gjelder inntil eventuelle endringer er iverksatt.» (Vår understreking.)*

Som det går fram av departementet sitt brev skal gjeldande regelverk og forvaltningspraksis gjelda inntil eventuelle endringar er sett i verk. Omsynet til likebehandling og at sakshandsaminga er føreseieleg er her viktige rettsprinsipp. Løyvestyresmakta kan derfor ikkje, slik departementet understreker, forskottera eventuelle framtidige lovendingar i saksbehandlinga si, utan å bryta med desse rettsprinsippa.

I fylgje gjeldande regelverk er drosjeløyve behovsprøvde, jf. yrkestransportlova § 9. Løyvestyresmakta fastset talet på løyve i sitt løyvedistrikt, jf. yrkestransportforskrifta § 37, første ledd. Ledige løyve skal kunngjerast, jf. yrkestransportforskrifta § 37, tredje ledd. Det betyr at alle som er kvalifisert i prinsippet skal få høve til å konkurrera om ledige løyve. Det er derfor berre mogleg å realitetshandsama søknad om løyve når løyve først er kunngjort ledig.

I Hordaland vert ledige drosjeløyve kunngjort i lokalaviser og på heimsida vår [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no). Hordaland fylkeskommune har innført elektronisk søknadsbehandling. Det vert sett søknadsfrist for løyve som vert kunngjort ledige. På heimesida finn ein òg rettleiing for korleis søknader om drosjeløyve i Hordaland skal setjast fram, samt kva dokumentasjon som må fylgja søknaden, jf. yrkestransportforskrifta §§ 4, 6, 7 og 8.

Under føresetnad av at søkjarane oppfyller vilkåra, vert drosjeløyve tildelt på grunnlag av ansiennitet som fulltids drosjesjåfør i løyvedistriktet. Er det ikkje søkjararar med føretrinnsrett vert drosjeløyve tildelt etter fylkeskommunen sitt skjønn. Hovudregelen er at drosjeløyve er personlege og at det maksimalt vert tildelt eitt hovudløyve og eitt reserveløyve til kvar. Drosjeløyve skal som hovudregel drivast i enkeltpersonføretak.

Det er per i dag ingen ledige drosjeløyve i Hordaland. Det er uklårt om DartRide AS ynskjer å søkja på løyve som vert ledige.

Ved gjennomgang av søknad med vedlegg, ser ein at naudsynt dokumentasjon som syner vandel, økonomisk evne og fagleg kvalifikasjonar manglar. Dersom DartRide AS ynskjer å søkja på ledige løyve, ber ein selskapet fylgja med på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) når det vert kunngjort ledige drosjeløyve og eventuelt oppdatera søknaden sin med opplysningar om kva løyve søknaden gjeld og med vedlagt obligatorisk dokumentasjon.

Dersom noko er uklart, kan selskapet ta kontakt.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*